



Tigergutt møter Stitch

Utvalet av dyr var stort under dyredagen på skulen fredag sjølv om det var ein klar overvekt av kattar, kaniner og hundar. Det vart ein minnerik og spesiell dag både for store og små.

Det var også ein okse, ein hest, ein geitebuk, ein kalv, fleire lam og sauer, høner, gullfiskar, fuglar og marsvin. Til og med ei snutebille og ei humle hadde teke turen, står det å lese på heimesida til Uskedalen Oppvekstsenter.

Elevane har i eitpar år hatt veldig lyst til å ha ein dyredag der dei kunne visa fram kjæredyra sine. Denne dagen var skulen ope for alle frå klokka 10 til 12. Elevane hadde laga plakater med fakta om dyra sine og dei vart plassert rundt om i klasseromma, på skuleplassen og på grusbanen, Elevane fekk gå rundt og sjå kva dyr dei andre hadde med seg. I tillegg fekk dei som ville utdelt eit ark med spørsmål om ulike dyr som dei skulle svara på.

Dei elevane som ikkje hadde dyr med seg i tredje- og fjerdeklassen laga til kantine med lappar, rundstykkjer, saft og kaffi.

Ein spesiell takk blir på heimesida retta til alle føresette som var viljuge til å frakta dyra til og frå skulen.



Prilla og Høne Pøne